

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.02.2016**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek seniorrådgjevar Marit Rødseth si orientering om arbeidet med ny regional planstrategi til etterretning. Rådet oppmodar samstundes til at ein i dette arbeidet ikkje nyttar «eldrebølja» som omgrep for at talet på eldre er aukande i befolkninga. Rådet meiner dette omgrepet er einsidig negativt lada og dermed ekskluderer dei mange positive ressursane som er representert i den eldre delen av befolkninga. Vidare ønskjer rådet at planstrategien òg fokuserer på folkehelse, lærlingplassar og bustadproblematikk som alle er viktige tema relatert til dei eldre i befolkninga.